

Vest politidistriktpost.hordaland@politiet.nomargrethe.gudbrandsen@politiet.no

Knarvik, 1. desember 2016

Høyringsuttale – Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur

Me viser til;

- Skriv frå Vest politidistrikt datert 21. oktober 2016 «Innbyding til høyring – Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur».
- Vårt skriv datert 29. august 2016 «Nærpolitireforma – innspel til struktur frå Regionrådet i Nordhordland»
- Skriv frå Regionrådet til politimeisteren datert 11. januar d.å. og til møte med politimeisteren mandag 29. februar

Politimeisterens forslag til organisering i tenesteiningar med tilhøyrande tenestestader er i stor grad iht. til det som har vore innspela frå Regionrådet i Nordhordland. I forslaget er Nordhordland og Gulen/Masfjorden/Solund slått saman til ei tenesteeining som heiter Nordhordland. Det er vidare føreslått at det er to tenestestader i denne eininga, Knarvik og Hosteland. Det betyr at ein legg ned Austrheim, Eivindvik og Hardbakke som tenestestader.

Regionrådet er svært fornøgd med at forslaget legg til grunn ei tenesteeining med to tenestestader. Me meiner at det er svært viktig å ha ei tenesteeining i nord, i eit så stort geografisk område som Gulen, Masfjorden og Solund utgjør. Og at eininga vert plassert i området Masfjorden/Gulen i forhold til ei risiko- og politifagleg vurdering.

Det eine forslaget er at tenesteeininga også er eigen geografisk driftseining (GDE). Driftseiningsleiaren har personalansvar, økonomi- og budsjettansvar, samtidig som han er medlem i leiargruppa til politimeisteren. Tenesteeiningsleiaren har ikkje desse funksjonane. Tenesteeiningsleiaren som sit i Knarvik blir då driftseiningsleiar for tenesteininga som består av våre 9 kommunar (inkl. Solund, ikkje Osterøy).

Det andre forslaget frå politimeisteren er ei driftseining beståande av to tenesteeiningar, nemleg Nordhordland og Voss med omegn. Då vil driftseiningsleiar enten sitja i Knarvik eller på Voss. Me vil då få ei driftseining som strekk seg frå Solund til Eidfjord. Det siste verkar ikkje fornuftig for oss, og me ser det som lite hensiktsmessig at politiressursane skal styrast frå Voss eller omvendt.

Me har lang og god tradisjon i Nordhordland for eit tett samarbeid med politiet, og mellom «blålysetatane» gjennom beredskap, øvingar, førebygging og haldningsskapande arbeid. Regionrådet er veldig godt fornøgd med dagens Nordhordland lensmannsdistrikt, og meiner det er bygd opp eit godt politi i Nordhordland. Dagens organisering fungerer godt, og distriktet har utmerka seg med tilstrekkeleg med tenestepersonell og patruljar. Eininga har god kriminalitetsførebygging, spesielt retta mot ungdom. Eininga har den høgaste oppklaringsprosenten i politidistriktet, og samarbeidet mellom einingane som er føreslått samla i Nordhordland er etter vårt syn godt.

Det å ha ein tett og god dialog mellom kommunane og driftseiningsleiaren og at han i neste omgang tar viktige signal og saker med inn i leiargruppa til politimeisteren, ser me som svært viktig i samarbeidet mellom kommunar og politiet sin toppleing. Politiråda er viktige for samhandlinga mellom kommunane og politiet - og dette samarbeidet fungerer for vår del svært godt. Me har i dag eit godt samarbeid i TSU - trafikkfagleg samarbeidsutval, og det ynskjer me vidare.

Regionrådet meiner derfor at Nordhordland må vera eigen GDE. Andre viktige moment me ynskjer å peika på er:

- Nordhordland består av mange kommunar og det er særst viktig med tett og god dialog mellom kommunane sin leiing og leiarar i politiet
- Nordhordland er ein stor region beståande av hav/sjø, fjord, land, vidder og fjell – og har betydelege avstandar
- Regionen er i vekst, særleg i søre del, men med tunge installasjonar i nord
- Me har E39 gjennom regionen og me har FV 57 med stor tungtrafikk til Mongstad. Vegane i regionen er ulukkesbelasta og mange av dei er i tillegg utsatt for ras og stenging.
- Fensfjord-bassenget med Mongstad industriområde og industrien i Sløvågområdet er stor og har mange verksemder med stort risikopotensiale
- Mongstad er ei av dei største hamnene i Europa i tonnasje, og det er stor trafikk til / frå hamnene. Området er utsatt i forhold til oljesøl og gassulukker m.v. I tillegg veks aktiviteten i Sløvågområdet kraftig
- Storbhavet ligg tett på oss med dei utfordringar dette kan føra til
- Schengen-kontroll på Mongstad

Slik politidirektoratet legg føringar for politimeisteren si leiargruppa, ser me at denne vil bestå av veldig mange «administrative stillingar» (funksjonelle driftseiningsleiarar, stab, PST), og me er veldig redde for at dette kan gå på bekostning av den operative sida som Regionrådet ser som svært viktig å ha med i toppleiinga. Dei fleste av desse vil i tillegg sitja i Bergen. Nokre ekstra GDEar i ei allereie stor leiargruppe, må etter vårt syn ikkje vera avgjerande for korleis ein delar inn politidistriktet i GDEar.

Nærpolitireforma legg opp til at kontor skal bytast ut med mobilitet. Dette er me i stor grad enig i, men då må det også vera ei føresetnad at den mobile dekningsgraden i regionen også må opp på eit vesentleg høgare nivå enn i dag. Politiet må elles vera i tet på teknologisk utvikling og ta i bruk nytt utstyr dersom dette skal lukkast på ein god måte.

Konklusjon:

Regionrådet i Nordhordland viser til tidlegare uttalar / innspel og at me er tilfreds med at Nordhordland er føreslått som tenesteeining med to tenestestader, men me er tydeleg på at Nordhordland også må vera eigen geografisk driftseining (GDE) basert på dei ulike momenta me har peika på. Då kan politiet halda på verdfull kompetanse, ha gode faglege miljø, ha god kontakt mot innbyggjarane og sikra tett og god kontakt og dialog mellom kommunane og ansvarleg leiar i politiet.

Osterøy er lagt innunder Bergen kommune i alle forslaga frå politimeisteren. Dette er ei løysing Osterøy kommune er svært lite fornøgd med, og vil koma med eigne innspel på dette.

Med venleg helsing

Alle ordførarar i Regionrådet Nordhordland



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland